

Sektor oppvekst – avdeling skule



Høyringsforslag om lokal forskrift ved offentlege grunnskular i Volda kommune - skulerute

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Volda kommune den 20.juni, med heimel lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1.

§1 Formål og virkeområde

Forskrifta seier kva skule –og feriedagar elevane ved dei offentlege grunnskulane skal ha i skuleåret. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret, jf oppl.lova § 14-1.

§ 2 Skulerute

Dei offentlege grunnskulane i Volda kommune følgjer til ei kvar tid skuleruta som vert fastsett av Møre og Romsdal fylkeskommune.

§ 3 Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 1. august 2024.